

KUNST



«En eng», 1887, 18,5 x 30,5 cm. Drammens Museum.

Frå pensel til pistol

Som kunstnar hadde Nils Bjørgum (1864–1949) solid skolering frå både München og Paris. På 1880-talet måla Bjørgum Vestlandet og menneske derifrå i ein tidstypisk naturalistisk stil, bilete han fleire gonger fekk med i den juryerte kunstmønstringa som vart oppretta i 1882, som vi i dag kjenner som Haustutstillinga.

På slutten av 1890-åra vende han interessa mot våpen. Etter at han sende fleire søknader til Stortinget, vart det i 1905 loyvt store penge-summar til Bjørgum for å framstille ein pistol for Forsvaret. Kvifor satsa Stortinget på ein kunstmålar utan teknisk utdanning og bakgrunn? Dette må truleg forståast ut frå den nasjonale sjølvkjensla og ønsket om å få ein norsk pistol til Forsvaret.

I heile 25 år skulle han arbeide trottig med oppfinningane sine. Det vart eit fruktlaust slikt. Prototypane vart testa ut av Hæren, kvar gong fann dei graverande feil. Til slutt gav han opp og flytta heim att til Voss for å blåse stov av kunstnarkarrieren. Men no var smaken ein annan. Han hadde ikkje følgd med på den blomstrande, hektiske utviklinga kunsten hadde gjennomgått all denne tida, og vart sett på som avleggs.

Han heldt likevel fram med å måle heilt til krigen sette eit brutal punktum også for målninga. Mange måleri og det meste av eigedom giekk tapt då tyskarane bomba Voss i april 1940. Sjokket etter den skakande hendinga prega dei siste åra av livet hans.

Det finst svært lite materiale etter våpenproduksjonen hans. Denne teikninga er eit sjeldan unntak. Det kan synast som våpeninteressa kvelte kunstnaren i han. Det er tankevekande at han som viser så god formasjon i måleria sine, laga ein pistol som er blotta for estetiske trekk.

EVA FURSETH



Ein pistolane til Bjørgum. Teikninga finst i Voss museum.

Elegant og treff-sikkert

Udstillinga med Nils Aas og Jakob Weidemann er praktfullt sett saman, mest som ein musikalsk komposisjon, der også kuratoren Anders Sletvold Moe vert svært tydeleg.

JUBILEUMS-UTSTILLING

JAKOB WEIDEMANN OG NILS AAS:

Nils Aas Kunstverksted, Inderøy

4. FEBRUAR–28. MAI KURATOR: ANDERS SLETVOLD MOE

I å ville inderøyane og bilet-hoggaren Nils Aas (1933–2004) fylt 90. Dette er den første utstillinga i jubileumsåret for Kunstverkstaden, ein presentasjon som viser skulpturar og relief av Aas i samklang med målerier til Jakob Weidemann, som ville fylt 100 år i år. Weidemann er fødd i Steinkjer, det same er kuratoren for utstillinga, Anders Sletvold Moe (f. 1978), som i tillegg til å vere ein aktiv og veletablert kunstnar har kuratert fleire utstillingar med trøndersk abstrakt kunst.

Anders Sletvold Moe har valt ut verk frå den rikhaldige samlinga etter Nils Aas, fleire er skulpturelle skisser og modellar, mange er berre 30 og 50 centimeter høge. Dei små verka har noko fint og friskt i seg, dei er utforskande og leikne i forma. Arbeida er gjerne uvordent og grovt

utførte for Steinkjer kyrkje i 1965. Også Nils Aas har vore ein naturleg del av kvaraden i form av skulpturane og utsmykkingane i offentlege rom.

TO PIONERAR

Kuratoren har lukkast godt med å smelte ei skiftande utstilling inn i eit visingsrom med ei omfattande fast utstilling av verka til Nils Aas. Karakteristik for Moe er utstillinga forma med stram hand. Resultatet er prega av ein elegant lette som spelar på særtrekk i arkitekturen i rommet, samstundes som han har sett opp ekstra vegger som gir høve til å setje opp fleire verk og å avgrense verka tematisk.

Anders Sletvold Moe har valt ut verk frå den rikhaldige samlinga etter Nils Aas, fleire er skulpturelle skisser og modellar, mange er berre 30 og 50 centimeter høge. Dei små verka har noko fint og friskt i seg, dei er utforskande og leikne i forma. Arbeida er gjerne uvordent og grovt

best mogleg til verka. Ein lettvegg i bjørkefiner vart endåtil montert opp for å gje Weidemann-måleria ein bakvegg som spelar på det treverket Nils Aas var så oppteken av.

Aas arbeide både figurativt og nonfigurativt gjennom heile karrieren. I denne utstillinga får vi berre sjå på abstrakte og nonfigurative verk. Desse far også ein ekstra vitalitet i møtet med målerier til Weidemann, som er ein av dei store pionerane i norsk abstrakt kunst. Av steinkjerbyggen møter vi mange verk som sjeldan har vore viste.


Kuratoren har vore på detektivjakt i private samlingar etter dei rette verka for utstillinga. Verka til Weidemann er valde ut frå tre periodar frå slutten av 1940-åra til 1960-åra. Dei tidelege måleria viser inspirasjon frå kubistiske kunstnarar som Picasso og Braque, i tillegg er dei fleire skogbotnmålerier og tillegg forsøk på utforming av blomstermålerier.

KRAFTFULL DIALOG

Fargane på veggene er sett opp med stor omhuig for å passe

best mogleg til verka. Ein lettvegg i bjørkefiner vart endåtil montert opp for å gje Weidemann-måleria ein bakvegg som spelar på det treverket Nils Aas var så oppteken av.

Trass i at Aas uttrykker



Nils Aas: «Modell til relief for Bonde og co» (1977), 10,5 x 22,5 cm, stål og sponplate. Alle foto: Steinar Johansen

best mogleg til verka. Ein lettvegg i bjørkefiner vart endåtil montert opp for å gje Weidemann-måleria ein bakvegg som spelar på det treverket Nils Aas var så oppteken av.

Det vakraste av kunstnarmøta er det som oppstår mellom «Rødt løv» (1961) av Jakob Weidemann og den store koparskulpturen «Utan titel» av Nils Aas. «Rødt løv» er eit av dei mange skogbotnmålerier som Weidemann er så kjend for. Medan så mange kunstnarar har måla storlengne skogar, endåtil skogsinteriøret der ein ser innover i motivet mellom greiner og busker, vende Weidemann seg nedover, ikkje berre var det nærsstudium av dei han såg av mose, lyng og stein, men han fanga inn andre sansar, varmen frå jorda, lukten, sjøle naturopplevinga. Han har lagt på lag på lag med måling i djupe raudtonar, til overflata vart heilt knudrete og såleis fekk ein reliefverknaud som minner om sjøle teksten i ein norsk skogbotn.

Trass i at Aas uttrykker

ETTERBILDE

Udstillingskuratorar arbeider gjerne bakom kulissane og synest på diskret vis gjennom valet av kunstverk og utforming av rommet. I denne utstillinga dukkar kuratoren Anders Sletvold Moe sjølv opp som utøvar. Han stiller ut to eigne kunstverk som er måla som eksakte kopiar av to av måleria til Weidemann, men i forminska versjon på plater i svart pleksiglas. Dessutan har han tolka dei klangfulle fargane i måleria til Weidemann i gråtonar og skapt delikate, melankolske nattversjoner av desse verka.

Kopiane til Moe heng side om side med Weidemann-måleria dei er inspirerte av. Såleis vert dei opplevde som etterbildene av måleria, desse bildene som heng att på netthinnar etter at ein har stirra lengje på noko. I etterbildene vil fargane gjerne endre seg.

Udstillinga er ei flott feiring av det sprelske og leitande som finst i desse to solide kunstnararaportar, sider som er lette å gløyme på grunn av den store tyngda som kviler over hovudverka deira.

Anders Sletvold Moe har lukkast med å gje eit nært og fortrolig blikk på dei to nestorane. Utvaltet er ikkje så stort, mange av verka er små, enkelte endå skissseprega, men til saman går kvart av verka opp i ei større eining. Nærast som ein symfonji bygger dei på kvarande, eller kanskje dei heller utgjer eit roleg preludium der kjenslene ulmar svakt djupt under overflata.

MEISTERMØTE

Det er to av dei mest kjende kunstnarane vi har som er plasserte




Jakob Weidemann: «Skogbunn» (1959), 40 x 20 cm. Ved sida av heng «Black Letter nr. 138» av Anders Sletvold Moe frå 2016, måla på svart pleksiglas, 29,7 x 21,5 cm.



Jakob Weidemann: «Rødt løv» (1961), 110 x 150 cm. Koparskulpturen til Nils Aas er utan tittel, 52 x 60 x 16 cm.

«Det finst inkje 'mål' i kunsten; kunsten er evig fri. For ordet 'mål' flyktar kunsten som dagen for natta.»
Kunstnaren Wassily Kandinsky, i boka Om det åndelige i kunsten frå 1912

KUNST LANDET RUNDT



Stillbild frå «Oceanic Horror or How to Survive the Night in the Haunted Mansion of Absolute Capitalism» av Søren Thilo Funder.

Søren Thilo Funder og Násto Mosquito Galleri 3/4, Bergen
21. april–4. juni

To utstillingar som utforskar maktdynamikk og maskinlæring som drivkraft. Med Thilo Funder tematiserer finansielle marknadskrefter, viser angolske Násto Mosquito installasjonen «Another Leader: Act II», ein film som på eit kras og samstundes humoristisk måte har iscenesett korleis planlegginga av ein tale til ein presidentvalkamp kan bli til.

Hege Lønne
Bomuldskrafen Kunsthall, Arendal
25. mars–21. mai

Klippen VIII, 2021, 212 x 178 cm.
Foto: Julie Hincirova

Dersom du ikkje fekk med deg den mangefalte mørnstringa av kunsten til Hege Lønne (1961–2018) på Trondheim kunstmuseum i fjor, har du sjansen no. Verka er leikne, underfundige og overraskande. I tillegg til gipsinstallasjonar er her høye videoverk, relief i metall, animasjonsfilm, fotokunst og ein kinetisk skulptur.

Lorck Schive Kunspris 2023
Trondheim kunstmuseum
22. april–17. september



Thomas Hestvold viser nye måleri i olje og akryl. Dei store verka er måla på plater som er utskorne i organiske former. Ved å bryte med det tradisjonelle bildeforma-fallet får verka eit monumtal og skulpturelt preg. I same tidspunktet vert det vist utstillingar med Roald Sivertsen, Anne-Karin Furunes og Hanne Friis.

Søvn er livets sum
Ann Cathrin November Høibø

Kristiansand Kunsthall
25. mars–28. mai

Høibø (f. 1979) kombinerer bildevev med andre tekstilar, objekt og skulpturar. Som tekstilvev står ho i ein historisk tradisjon som peikar attende til pionerar som Hannah Ryggen (1894–1970), samstundes som ho har etablert eit eige idébasert og samstundes sanseleg formspråk. Høibø har teke med seg vevstolen inn i kunsthallen og kjem til å arbeide her så lenge utstillinga står.



Installasjonsbilde fra Kristiansand Kunsthall. Foto: Tor Simen Ulstein